



Etiske retningslinjer for tilsette og folkevalde

Jf. òg arbeidsavtale, arbeidsreglement og varslingsplakata

Grunnleggjande prinsipp:

Vinje kommune legg stor vekt på å drive verksemda på ein open, ærleg og skikkeleg måte.

Både folkevalde og tilsette har eit ansvar for å etterleve dette grunnleggjande prinsippet.

Som forvaltar av samfunnet sine fellesmidlar vert det stilt høge krav til etisk haldning hjå den enkelte.

Retningslinjer for tilsette sin bruk av sosiale media

- Ver bevisst di rolle som tilsett i Vinje kommune.
- Ver gjerne aktiv i faglege diskusjonar, og ver open om kor du jobbar viss det er relevant.
- Vurder nøye om du som privatperson skal ha kontakt med elevar/brukarar/pårørande/leverandørar og liknande i sosiale media.
- Tilsette har ytringsfridom, men teieplikta gjeld også i dei sosiale media.
- Kom i hug det er vanskeleg å slette noko du har skrive på internett.
- Innlegg på Vinje kommune si Facebook - side skal svarast av rådmann/tenestetorgsjef.

Lojalitet:

- Alle, både tilsette og folkevalde har eit ansvar for at Vinje kommune får eit positivt omdøme både internt og eksternt.
- Tilsette og folkevalde pliktar lojalt å fylgje lover, forskrifter og retningslinjer som gjeld for Vinje kommunes verksemd.
- Lojalitetsplikt inneber både avgrensingar i kva ein kan uttale seg om offentleg, og kva ein kan gjera i form av handlingar.

Bedriftskultur:

- Den tilsette skal så fort ein får kjennskap til noko uregelmessig gje melding om dette til overordna og verneombodet, òg om naudsynt andre arbeidstakarar, jf. AML.
- Arbeidstakar har rett til å varsle det offentlege om kritikkverdige tilhøve i kommunen dersom ein ikkje når fram tenesteveg, og der dette ikkje er i strid med anna lov jf. AML.
- Tilsette og folkevalde har plikt til å syne respekt for andres arbeid.
- Tilsette, både leiarar og medarbeidarar, har ansvar for at det er eit godt arbeidsmiljø på arbeidsplassen.
- Tilsette i Vinje kommune pliktar å melde frå til arbeidsgjevar om bistillingar som vedkomande har.
- Alle tilsette har plikt til å utføre arbeid sitt til beste for publikum. Arbeidet skal òg utførast på ein slik måte at mottakaren av tenesta, og samfunnet elles får respekt for kommunale tenester.

Informasjon:

- All informasjon som ein gjev i samband med verksemda i kommunen skal vera korrekt og påliteleg.

Habilitet:

- Forvaltningslova har reglar om habilitet som gjeld alle tilsette og folkevalde i

kommunen.

- Tilsette og folkevalde skal unngå å koma i konflikt mellom kommunen sine interesser og personlege interesser.

Om personlege interesser kan påverke avgjerda i ei sak som ein har fagleg ansvar for, eller deltek i handsaminga av, skal ein ta dette opp med overordna.

Eksempel på slik konflikt kan vera:

- forretningsmessige tilhøve til tidlegare arbeidsgjevar eller arbeidskollega
- løna attåtnering som kan påverke det arbeidet ein gjer

- engasjement i interesseorganisasjon eller politisk verksemd som vedkjem tilhøve som den enkelte arbeider med i kommunen
- personlege økonomiske interesser som kan føre at vedkomande medarbeidar kjem i ein konkurransesituasjon eller lojalitetskonflikt i høve til si verksemd
- familiære og andre nære samband

Teieplikt:

- Alle medarbeidarane i Vinje kommune har teieplikt etter forvaltningslova §13. Teieplikta gjeld òg etter at vedkomande har avslutta tenesta eller arbeidet.
- Ein kan heller ikkje nytte konfidensielle opplysningar i eiga verksemd eller i teneste/arbeid for andre.
- I tillegg til forvaltningslova sine reglar om teieplikt, gjeld reglane i diverse særlover.

Gåver og innkjøp:

- Tilsette og folkevalde kan ta imot gåver av liten verdi, så som reklamemateriell, blommar og liknande. Gåver over 500 kr skal returnerast avsendar saman med eit brev som gjer greie for kommunen sine reglar på dette punktet.
- Tilsette og folkevalde kan ikkje ta i mot personleg pengegåver.
- Tilsette har ikkje høve til å ta i mot testamentariske gåver frå brukarar.
- Tilbod om "gåver" for å ta eit bestemt standpunkt i enkeltsaker skal avslåast, og rapporterast via næraste overordna til rådmann/ordførar og revisjon.
- Tilbod om reiser, turar, kurs frå firma eller organisasjonar som ynskjer å presentere sitt produkt, er akseptabelt dersom kommunen sjølv betalar kostnadene ved opphaldet/reisa.
- Dersom ein er i tvil om eit tilbod om gåver, turar mv. er akseptabelt, skal ein ikkje ta imot. I alle høve skal dette takast opp med overordna.
- Medarbeidarar i Vinje kommune kan ikkje nytte kommunen eller kommunens namn for å oppnå særlege betalings- eller leveringsvilkår i samband med personlege innkjøp.

- Innkjøp skal skje i tråd med kommunens økonomireglement, samt lov og forskrifter om offentlege innkjøp.

Einingsleiarane har eit særleg ansvar for å gjera medarbeidarane kjende med dei etiske retningslinene i kommunen.

I tillegg til reglane i dette dokumentet har mange yrkesgrupper sine egne yrkesetiske retningsliner.